

Forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune til Alver kommune

Fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22. februar 2018 med heimel i kommunelova § 3 nr. 3 og inndelingslova § 17, jf. kongeleg resolusjon 27. oktober 2017 nr. 1666.

§ 1. Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune blir slått saman til ein kommune frå 1. januar 2020. Namnet på kommunen er Alver kommune.

§ 2. Kommunestyret skal ha 47 medlemer, inntil kommunestyret eventuelt gjer anna vedtak i medhald av kommunelova § 7 nr. 3.

§ 3. Vedtekter og forskrifter som er gjeldande i Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune skal framleis gjelde for vedkomande område inntil nye lokale vedtekter og forskrifter er fastsett av kommunestyret. Frist for fastsetting av nye vedtekter og forskrifter er 1. januar 2021.

§ 4. Fellesnemnda skal sørge for at samansettinga av forliksrådet til kommunen er i samsvar med domstollova § 27 og § 57 i perioden frå samanslåingstidspunktet til nytt forliksråd trer i funksjon. Fellesnemnda kan slå fast at funksjonstida for dei eksisterande forliksråda i kommunane skal videreførast slik at den nye kommunen har to eller fleire forliksråd i ein periode.

§ 5. Kommuneplanar og kommunedelplanar etter plan- og bygningslova kapittel 11, inkludert arealdelen, gjeld inntil dei blir erstatta av nye planar som er vedtatte av det nye kommunestyret. Reguleringsplanar etter kapittel 12 i lova gjeld inntil dei blir erstatta av nye planar eller at dei blir vedtatt oppheva.

§ 6. I ein overgangsperiode frå 1. januar 2020 til 31. desember 2021 får Alver kommune unntak frå eigedomsskattelova slik at eigedomsskatteregima som gjaldt i Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune kan videreførast for vedkommande område i overgangsperioden i den grad desse var i samsvar med eigedomsskattelova. Ved etterfølgjande endringar i eigedomsskattelova må dei vidareførte eiendomsskatteregima innrettast i samsvar med lovendringane.

Dei vidareførte eiendomsskatteregima kan justerast i løpet av overgangsperioden i den grad den tidligare kommunen kunne gjort dette innanfor rammene av eigedomsskattelova, og formålet er gradvis å oppnå harmonisering av regelverket innad i den nye kommunen.

Frå og med 1. januar 2022 skal eigedomsskatten i Alver kommune vere harmonisert og i tråd med eigedomsskattelova.

§ 7. Forskrifta trer i kraft straks.